

Uttale om Helse Bergen sin Utviklingsplan 2035

Frå Tekna si bedriftsgruppe i Helse Bergen

Tekna er Noreg si største fagforeining for arbeidstakarar med mastergrad innan teknologi, realfag eller naturvitskap, og den største fagforeininga i Akademikerne. Vi organiserer 74.000 medlem som arbeider med å løysa samfunnet sine utfordringar gjennom innovasjon og ny teknologi.

Tekna si bedriftsgruppe ved Helse Bergen har lese Helse Bergen sitt høyringsutkast til Utviklingsplan 2035, og meiner foretaket sitt utkast er godt gjennomarbeidd og eit godt utgangspunkt å arbeida vidare med.

Utviklingsplanen har stort fokus på dei store gruppene av arbeidstakarar (sjukepleie og medisin), men bør òg fokusera på andre relevante faggrupper med naturvitskapleg bakgrunn, td. innan kjemi/biokjemi, biologi, fysikk og informatikk. Innføring og bruk av ny teknologi er eit gjennomgangstema i utviklingsplanen, og Tekna støtter dette. Teknologisk kompetanse både hos helsepersonell og teknologar er naudsynt for å gjennomføra planen, og må utviklast vidare i organisasjonen. Tekna meiner eit godt samspel mellom ulike yrkesgrupper er avgjerande for å lukkast. For at helsearbeidarane skal få gjera best mogleg pasientretta arbeid, vil det vera fornuftig at teknologane avlastar med teknologisk oppgåver. Det finst moglegheiter som ikkje blir nytta i dag.

Utviklingsplanen nemner behovet for dobbelkompetanse ingeniør-helsefag. Vi vil peika på eit meir generelt behov for basisfag innan realfag kopla med helsefag. Mellom anna syner vi til UiB sin utdanningsveg «Medisinsk teknologi (sivilingeniør), master, 5 år»

(<https://www.uib.no/studier/5MAMN-MTEK>), men òg yrkesgrupper som bioteknologar, molekylærbiologar, biokjemikarar og liknande. I samarbeid med universitet og høgskular kan sjukehuset utvikla utdanningsretningar som dekker sjukehuset sitt behov for rett kompetanse.

Innan forskning og utvikling er teknologisk kompetanse særleg nyttig. Vi meiner det kan gjerast endå meir for å nytta realistar til å støtte forskning i tverrfaglege team for å utfylla legane si kompetanse.

IKT har fått bra omtale i Utviklingsplanen. Helse Vest IKT gjev store bidrag til effektivisering av drifta ved innføring av nye datasystem. I tillegg ligg det viktige oppgåver innan IKT både i stab og i driftsorganisasjonen. Tekna ser eit behov for å arbeida meir med organiseringa internt for best samhandling på tvers av foretaket.

Både innan IKT og andre teknologiske område slit prosjektorganisasjonane ofte med å finna rett kompetanse. Rett kompetanse inkludert bestillerkompetanse vil kunne yta gode bidrag til framdrifta i prosjekta. Vi meiner utviklingsplanen kunne vera meir tydeleg på behovet for å rekruttera kompetente medarbeidarar med høgare utdanning innan tekniske og naturvitskaplege fag.

Tekna ynskjer å bidra til ei god helseteneste og eit godt helsetilbod. Med kompetente medlem med masterutdanning eller høgare innan tekniske og naturvitskaplege fag, kan vi vera med og løfta foretaket gjennom tverrfaglege samarbeid mellom teknologar og klinikarar.

For Tekna si bedriftsgruppe i Helse Bergen,

Erling Andersen / Foretakstillitsvald